



Arkeologisk registrering

2016/11674

Konglelundveien 7

Halden kommune

Jan Berge 2017



FIGUR- & VEDLEGGSLISTE

Nr:	Skildring:	Kjelde:
Framside	Hovudbygningen på Konglelundveien 7. Sjaktene 9 og 10 framfor. Mot N.	JB / 06.06.17
Figur 1	Planområdet markert med blå boble.	kart.kvasir.no
Figur 2	Kart over plangrensa med gravfelt, einskildminner og sjakter.	ArcMap / JB
Figur 3	Nærliggende kulturminner.	askeladden.ra.no
Figur 4	Kristian opnar sjakt 2. A2 materialiserer seg under subusen. Mot SA.	JB / 06.06.17
Figur 5	Haug 1. Mot V.	JB / 06.06.17
Figur 6	Haug 2. Ole står for innmålinga. Mot N.	JB / 06.06.17
Figur 7	Haug 3. Mot SA.	JB / 06.06.17
Figur 8	Haug 4. Mot NA.	JB / 06.06.17
Figur 9	A1 plan. Mot NA.	JB / 06.06.17
Figur 10	A4 plan. Mot A.	JB / 06.06.17
Figur 11	A2 plan. Mot S.	JB / 06.06.17
Figur 12	A3 plan. Mot NA.	JB / 06.06.17
Figur 13	Sjakt 2 med A1-4. Mot NV.	JB / 06.06.17
Figur 14	Sjakt 2 med A1-4 markert. Mot SA.	JB / 06.06.17
Figur 15	Området med A1-4 ligg rett bak den kvite pinnen til høgre for «Parkering forbode»-skiltet. Mot NV.	JB / 06.06.17
Figur 16	Den gamle lokalitetsgeometrien sett i høve til gravhaugane.	ArcMap / JB
Figur 17	Kart over ny lokalitetsgeometri, gravhaugar, groper og sjakter.	ArcMap / JB
Figur 18	Detaljkart over ID49922.	ArcMap / JB
Figur 19	Detaljkart over A1-4 og haug 3.	ArcMap / JB
Vedlegg 1	Anleggsliste.	JB
Vedlegg 2	Haugliste.	JB
Vedlegg 3	Funnliste.	JB
Vedlegg 4	Sjaktliste.	JB
Vedlegg 5	Vedartsanalyse.	Thomas S. Bartholin
Vedlegg 6	Kalibrasjonskurve for A2.	Beta Analytic
Vedlegg 7	Kalibrasjonskurve for A3.	Beta Analytic
Vedlegg 8	Kalibrasjonskurve for A4.	Beta Analytic

RAPPORT FRÅ ARKEOLOGISK REGISTRERING

Kommune:	Halden		
Gardsnamn:	Li		
Gnr./bnr.:	63/46		
Høgde over havet:	70-85 moh		
Oppdragsgjever:	Ove Skår as		
Adresse:	Klokbergårdveien 16 1711 Sarpsborg		
Namn på sak:	Konglelundveien 7		
Saksnummer:	2016/11674		
Registreringsperiode:	Juni 2017	Ved:	Jan Berge & Ole Kjos
FAGLEGE KONKLUSJONAR:	ASKELADDEN ID:		
<input type="checkbox"/> Ingen funn:			
<input type="checkbox"/> Funn av automatisk freda kulturminne:			
<input type="checkbox"/> Lausfunn – ikke automatisk freda:			
<input type="checkbox"/> Forenkla dispensasjon – utgraven:			
<input checked="" type="checkbox"/> Frå før kjente kulturminne:	49922		
Stikkord:	Gravhaugar, moglege flatmarksgraver, kokegrop, yngre romartid		



BAKGRUNN FOR UNDERSØKINGA

Det er varsle oppstart av planarbeid for Konglelundveien 7 m. fl. i Halden kommune. Delvis innanfor planområdet er det frå før kjent eit automatisk freda kulturminne i form av eit gravfelt med 2 gravhaugar. Ut i frå denne kunnskapen og områdets topografi, fann fylkeskommunen det naudsynt med ei arkeologisk registrering i området før det kunne gjevast ei endeleg fråsegn i saka jf. kulturminnelovas § 9.



SAMANDRAG

I løpet av undersøkinga vart fire gravhaugar funne i samband med det frå før kjente gravfeltet. I tillegg vart det gjort funn av 4 strukturar i undergrunnen ved den gruslagte parkeringsplassen nord i planområdet. Desse ligg så nære gravfeltet at dei truleg må sjåast i samband med dette.


OMRÅDESKILDRING

Planområdet ligg ca. 2 km nordvest for Halden sentrum. Det generelle nærområdet er i stor grad utbygd, men det finnes òg større parti med spreidde, trekledd åsar og dyrka mark i mellom. Mesteparten av dette ligg mot nordvest, medan meir eller mindre heile området mellom planområdet og Tista i sør aust er utbygd.

Innanfor sjølve planområdet er det lite att av urørt grunn. Det står fleire bygningar på staden, med tilhøyrande asfalterte vegar og parkeringsplassar. Ein god del av området i sør er plen. Berre i den nordvestre kanten av planområdet er det tilsynelatande nokolunde urørt. Her står eit skogsparti med mest gran og furu. Det er i tillegg ein god del berg opp i dagen i dette området, for vi er her på den høgastliggende delen av planområdet.

KULTURMINNE I NÆROMRÅDET

Det er helst gravfelt med haugar som kjenneteiknar det arkeologiske funnmiljøet rundt planområdet, med det nærmeste utanfor liggande ca. 400 m mot nordaust. Elles er det gjort ein del funn frå steinalderen i området. Frå før var det registrert eit gravfelt med to gravhaugar delvis innanfor planområdet.



KULTURMINNE I NÆROMRÅDET

Askeladden ID:	Kulturminnetype:
3940	Gravrøys.

23016	Gravhaug.
23156	2 gravhaugar.
33357	5 gravhaugar.
43031	Svær haug.
49922	4 gravhaugar og fleire nedgravingar.
52675	Haug.
52817	Gravhaug.
71311	Haug.
81271	Gravhaug.
89352	Lokalitet frå yngre steinalder.
105883	Busetnad/aktivitetsområde.
135118	Nøstvetlokalitet.
135126	4 gravhaugar.
135169	Lausfunn av ei rovaniemihakke av svart bergart.
142337	Steinalderlokalitet frå mikrolittfasen av mellomesolitikum.
176158	Diverse metallsøkarfunn.
177300	Diverse metallsøkarfunn.

METODE & PERSONELL



På denne undersøkinga vart maskinell flateavdekking nytta som registreringsmetode. Dette er den vanlegaste metoden arkeologane nyttar på dyrka mark. Vi opnar opp sjakter på om lag 3 m breidde med gravemaskin med flatt skjer på grabben og fjernar matjordlaget til vi kjem ned til undergrunnen.

Denne vert reinsa fram med krafse og graveskei etter kvart der dette er naudsynt, og eventuelle førhistoriske strukturar som kokegropar, stolpespor, graver etc. vil vise seg som fyllskifte i undergrunnen.

I tillegg nytta vi visuelt overflatesøk som registreringsmetode. Denne metoden gjeng enkelt ut på å gå systematisk rundt i terrenget og sjå etter kulturminne som er synleg på markoverflata, t.d. gravhaugar, kullgropar, fangstgraver, rydningsrøyser etc.

Som dokumentasjon vart det teke digitale foto, samt sjaktene vart målt inn med CPOS RTK 3D-FIX oppløysing. Kartgrunnlag for innmålingane er WGS84_UTM32N.

DELTAKARAR OG TIDSROM

Med på denne undersøkinga var arkeologane Jan Berge og Ole Kjos frå Østfold fylkeskommune. Maskinførar var Kristian Berg frå Erling Grimsrud AS.

Felt-, for- og etterarbeid vart i sin heilheit gjennomført sommaren 2017.

UNDERSØKINGA

Det første eg gjorde var eit kjapt søk gjennom skogspartiet der gravfeltet ID49922 er registrert. Det er ikkje store området, så dei to gravhaugane og eit par ekstra dukka opp med ei gong. Eg fekk då ut Ole for å kvalitetssikre og kontrollregistrere det han måtte finne. Det enda opp med at vi var svært samkøyrd på konklusjonane her.

Haug 1 er den nordlegaste gravhaugen, og denne ligg ca. 1 meter utanfor plangrensa. Diameteren er ein 10-12 meter, høgda nærmare 1 meter. Den ser tilsynelatande ganske urørt ut, moglegvis rest av ei plyndringsgrop i toppen.



Figur 5. Haug 1. Mot V.

Haug 2 ligg rundt 6 meter sørvest for H1. Storleiken er så å seie lik, men her har vi ei tydeleg plyndringsgrop, samt det er grave vekk eit reelt stykke i nordvestre del av haugen. Haugen vert bortimot delt i to like delar av plangrensa.



Haug 3 ligg ca. 5 meter søraust for H1 og 5,5 meter nordaust for H2. Den er ein god del mindre enn H1 og H2, med rundt 7 meter i diameter og 0,3 meters høgde. Haugen verkar tilsynelatande urørt, og ligg rundt 3 meter innanfor plangrensa.




Haug 3. Mot SA.

Haug 4 er den sørlegaste i feltet, og ligg rundt 19 meter sørvest for H2. H1, 2 og 4 ligg nærmest på linje retning NNA-SSV. H4 ligg oppå eit berg, og utnyttar dette for ein meir monumental effekt. Det er tråkka ein del oppå her, så haugen er litt flat i vestre del, men elles er det ei klar plyndringsgrop og klarare haugkjensle i austleg halvdel. Haugen ligg ca. 3,5 meter innanfor plangrensa.



Så var det til med sjakttinga. Dei fyrtre to sjaktene vart teke på grusparkeringsplassen heilt nord i planområdet. Her dukka det opp fire strukturar liggande tett saman i sjakt 2. A3 er openbart ei kokegrop. A1 & 4 er mindre nedgravingar, dei liknar ein del på stolpehull. Det kan dei for så vidt også vere, men eg tviler på det har stått bygningar som så her oppe. Vi er svært nære gravhaugane, så tanken streifa meg at det kanskje kan vere ei form for urnegraver, moglegvis utan tradisjonelle gravurner av keramikk. Ingen brente bein eller noko anna mistenkeleg vart spotta, så dette er førebels reine spekulasjonar. A1 er nærmest plangrensa i nordvest med rundt 9 meter og ca. 12 meter frå grensa i nordaust.





A2 er kanskje den mest interessante nedgravinga. Det er ein stor sak, 2,5 meter gange meir enn 1,8 meter, for den forsvinn under eit steingjerde i skogkanten. Det vi ser av strukturen kan gje eit hint om at den moglegvis er rektangulær i form. Avstanden til nærmeste gravhaug er i underkant av 7 meter. Dette, kombinert med storleik, form og farge, gjer det naturleg å tenke seg at dette også kan vere ei grav. Enten ei flatmarksgrav, eller om det ei gong har vore ein haug her som har blitt fjerna. Som ei samla vurdering har eg minst tru på det siste alternativet. Det var likevel ein naturleg slutning å legge desse fire strukturane inn under den nye geometrien eg laga til ID49922. Den gamle geometrien var ganske ute, og rører berre så vidt den sørlegaste haugen med vernesona si. Lokaliteteten i sin noverande form er rundt 1500 m^2 i storleik.



Figur 14. Sjakt 2 med A1-4 markert. Mot SA.



Figur 15. Området med A1-4 ligg rett bak den kvite pinnen til høgre for «Parkering forbode»-skiltet. Mot NV.


Eg tok ut kullprøver for radiologisk datering av A2-4. Resultatet av desse viste at alle gropene er anlagt innanfor tidsrommet 222-386 e.Kr. Dette er perioden vi kallar *ymgre romartid*, som er den nest siste perioden av *eldre jernalder*.


SARPSBORG 23.08. 2017

JAN BERGE



Arkeolog





Figur 18. Detaljkart over ID49922.



Figur 19. Detaljkart over A1-4 og haug 3.



VEDLEGG

VEDLEGG 1 ANLEGGSLISTE

Anr:	Sjakt:	Lok:	Type:	Skildring:	Mål: (cm)
1	2	49922	Grop	Oval. Gråbrun, litt torvet humushaldig sand. Noko lettrent leire og spreidde trekolbitar.	50 x 40 x >15
2	2	49922	Grop	Moglegvis rektangulær i form? Mørk gråbrun humushaldig sand med trekolbitar, noko stein, noko lettrent leire.	250 x >180
3	2	49922	Kokegrop	Sirkulær. Trekol og skjørrent stein. Ligg rett i kanten av ein kampstein.	85 x >75
4	2	49922	Grop	Oval. Grå humushaldig sand. Trekol i form av ein del av ein stokk. Liknar på A1, men ikkje så torvet i toppmassen.	50 x 35

VEDLEGG 2 HAUGLISTE

Hnr:	Lok:	Skildring:	Mål: (m)
1	49922	Markert. Få synlege stein. Ligg ved ein sti og eit nettinggjerde. Avflata på toppen, mogleg rest av plyndringsgrop.	12 x 10 x 1
2	49922	Markert. Få synlege stein. Det er grave vekk ein bit i NV-del, her er synlege stein. Plyndringsgrop på 1,5 m diameter i toppen.	12 x 10 x 1
3	49922	Avflata i toppen, tilnærma urørt.	7 x 7 x 0,3
4	49922	Ligg på toppen av eit berg og bruker dette for monumental effekt. Sjølve den konstruerte haugen er ikkje så massiv. Litt avflata på toppen grunna tråkk. Plyndringsgrop på ca. 2 x 2 m. Noko stein synleg. Svært god utsikt i alle retningar om vegetasjon og moderne busetnad er vekk.	12 x 12 x 0,5

VEDLEGG 3 FUNNLISTE

F.nr:	Lok:	A/S/P-nr:	Skildring/kontekst:	Dato/init.
1	49922	A2	¹⁴ C-prøve (222-385 e. Kr.).	06.06.17/JB
2	49922	A3	¹⁴ C-prøve (236-286 e. Kr.).	06.06.17/JB
3	49922	A4	¹⁴ C-prøve (222-385 e. Kr.).	06.06.17/JB

VEDLEGG 4 SJAKTLISTE

Nr:	Skildring:
1	Raudoransje sand med småstein under eit lag med vegduk og subus. Berre vegetasjonsmerker og eit par jernrør truleg nytta som gjerdestolpar.
2	Lik S1, utan gjerdestolpane, og i tillegg 4 anleggsspor i form av groper og kokegrop. Berg stikk opp i dagen i SA-del.
3	Ljos, grågul, fuktprega sand, men mesteparten er berg opp i dagen.
4	Berre berg, ein del masse fylt på rett i bakkant mot SA.
5	Raudbrun sand, steinete. Ligg under ein god del påfylt skitmasse. Mykje berg stikk opp av undergrunnen.
6	Guloransje sand, litt steinete. Grøfting og anna moderne rask i SV del.
7-8	Ljos, gulgrå sandblanda leire. Grøfting og anna rask i S-ende.
9-10	Fullstendig herja, ljos grågul grus, mykje påfylt skitmasse.

VEDLEGG 5 - VEDARTSANALYSE

Wentorf, den 11. juli 2017

Kongelundveien.Berge.juli2017.

Vedanatomisk analyse AF 3 trækulsprøver fra Kongelundveien, Østfold.

Indsendt af Jan Berge, Østfold fylkeskommune.

A2:

Ca. 6 ml kul, meget forurenset med okker.

5 stk. = stikprøve, analyseret med følgende resultat:

4 stk. *Betula sp.*, bjørk. Stammeved.

1 stk. *Quercus sp.*, eik. Stammeved.

C-14-prøve: 1 stk. *Betula sp.*, bjørk. Egenalder max. 40 år?

A3:

Ca. 8 ml kul.

5 stk. = stikprøve, analyseret med følgende resultat:

5 stk. *Betula sp.*, bjørk, fra yngre stammer..

C-14-prøve: 1 stk. *Betula sp.*, bjørk, med ca. 5 årringe, max. 10 år fra bark.

A4:

Ca. 10 ml kul.

5 stk. = stikprøve, analyseret med følgende resultat:

5 stk. *Alnus sp.*, or, fra yngre stammer..

C-14-prøve: 1 stk. *Alnus sp.*, or, med 2 årringe, max. 10 år fra bark.

C-14-prøverne sendes til BETA.

Fakturaunderlag sendes til Tryggve Csisar.

Med venlig hilsen

Thomas Seip Bartholin

Am Haidberg 18

D 21 465 Wentorf

Thomas.Bartholin@gmx.de

Calibration of Radiocarbon Age to Calendar Years


(High Probability Density Range Method (HPD): INTCAL13)

(Variables: $d^{13}C = -23.7 \text{ ‰}$)**Laboratory number** Beta-469840**Conventional radiocarbon age** $1750 \pm 30 \text{ BP}$

95.4% probability

(95.4%) 222 - 385 cal AD (1728 - 1565 cal BP)

68.2% probability

(51.8%) 271 - 332 cal AD (1679 - 1618 cal BP)
(16.4%) 245 - 265 cal AD (1705 - 1685 cal BP)**KONGLELUNDVEIEN A2****Database used**

INTCAL13

References**References to Probability Method**

Bronk Ramsey, C. (2009). Bayesian analysis of radiocarbon dates. Radiocarbon, 51(1), 337-360.

References to Database INTCAL13

Reimer, et.al., 2013, Radiocarbon 55(4).

Beta Analytic Radiocarbon Dating Laboratory

4985 S.W. 74th Court, Miami, Florida 33155 • Tel: (305)667-5167 • Fax: (305)663-0964 • Email: beta@radiocarbon.com

Page 13 of 17

Calibration of Radiocarbon Age to Calendar Years

(High Probability Density Range Method (HPD): INTCAL13)

(Variables: d13C = -26.3 ‰)


Laboratory number Beta-469841**Conventional radiocarbon age** 1740 ± 30 BP

95.4% probability

(95.4%) 236 - 386 cal AD (1714 - 1564 cal BP)

68.2% probability

(68.2%) 251 - 336 cal AD (1699 - 1614 cal BP)

**Database used**

INTCAL13

References**References to Probability Method**

Bronk Ramsey, C. (2009). Bayesian analysis of radiocarbon dates. Radiocarbon, 51(1), 337-360.

References to Database INTCAL13

Reimer, et.al., 2013, Radiocarbon 55(4).

Beta Analytic Radiocarbon Dating Laboratory

4985 S.W. 74th Court, Miami, Florida 33155 • Tel: (305)667-5167 • Fax: (305)663-0964 • Email: beta@radiocarbon.com

Calibration of Radiocarbon Age to Calendar Years


(High Probability Density Range Method (HPD): INTCAL13)

(Variables: $d^{13}C = -25.4 \text{ ‰}$)**Laboratory number** Beta-469842**Conventional radiocarbon age** $1750 \pm 30 \text{ BP}$

95.4% probability

(95.4%) 222 - 385 cal AD (1728 - 1565 cal BP)

68.2% probability

(51.8%) 271 - 332 cal AD (1679 - 1618 cal BP)
(16.4%) 245 - 265 cal AD (1705 - 1685 cal BP)**KONGLELUNDVEIEN A4****Database used**

INTCAL13

References**References to Probability Method**

Bronk Ramsey, C. (2009). Bayesian analysis of radiocarbon dates. Radiocarbon, 51(1), 337-360.

References to Database INTCAL13

Reimer, et.al., 2013, Radiocarbon 55(4).

Beta Analytic Radiocarbon Dating Laboratory

4985 S.W. 74th Court, Miami, Florida 33155 • Tel: (305)667-5167 • Fax: (305)663-0964 • Email: beta@radiocarbon.com